

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1064

## Stortingsvalet 2017 - førebels oppteljing av valtingsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert halde krinsvis førebels oppteljing ved Stortingsvalet 2017.»

### Valstyret - 007/17

#### **VS - behandling: AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

«Det vert halde krinsvis førebels oppteljing ved Stortingsvalet 2017.»

#### **Saksopplysningar: Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Etter at valtinget er avslutta, skal røystestyra telja opp røystesetlane i urnene. Talet på røystesetlar skal førast i protokollen for røystestyret. Denne ordninga har truleg samanheng med at det ikkje lenger vert nytta røystesetelkonvolutt på valtinget, då med unntak for røyster som vert lagt i særskild omslag.

I Osterøy har ein ved tidlegare val hatt førebels oppteljing i krinsane. Røystestyret må i alle høve telja setlane, og det tek då ikkje mykje lenger tid å sortera på parti og gjennomføra førebels oppteljing for kvar krins. Dette gir også det raskaste oppteljingsresultatet frå grovteljinga.

Erfaringa med krinsvis oppteljing er god, og ein kjenner ikkje til noko som tilseier at ein skal endra på dette. Krinsvis oppteljing føreset at det er minimum 100 personar med røysterett i krinsen, jfr. Vallova § 10-4, 2. Ved færre manntalsførte må ein telja fleire krinsar saman. Etter ny krinsinndeling er Bruvik den minste krinsen med 289 røysteføre.

Førehandsrøystene vert talde sentralt tidlegare på valdagen.

### **Vurdering**

Det er viktig å få resultatet frå grovteljinga fram så fort som råd, og krinsvis oppteljing er då den beste løysinga. I Osterøy er alle krinsar store nok til å ha grovteljing. Rådmannen rår difor til at ein held fram med krinsvis grovteljing av valtingsrøystene.

Folkehelse -       ikkje vurdert i saka  
Miljø -           ikkje vurdert i saka  
Økonomi -       ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Kommunen held fram med førebels oppteljing i krinsane.